

firmapost@statnett.no
torkil.bardsgjerde@statnett.no

Dykkar ref.:
Vår ref.:

fredag 6. mars 2026

HØYRINGSSVAR, DIFFERENSIERING AV INDUSTRIITARIFF OG NYTT KAPASITETSLEDD

Vi viser til Statnett sitt forslag om endring av tariffmodell 2027 av januar 2026.

Statnett ber i høyringa om innspel på to konkrete endringar:

- Endring og avkorting av rabatt på faste ledd for store forbrukarar (industritariff)
- Innføring av kapasitetsledd, eit nytt fast ledd i tariffen basert på maksimalutveksling

Endring i industritariff

Ein vesentleg del av kapasitetskø i nettet er nye store forbrukskundar som datasentre, ammoniakk- og hydrogenproduksjon.

Vi ser at det vil vere problematisk at dei kundegruppene som genererer store investeringar i nettforsterking får vesentleg rabatt når kostnadane skal fordelast, og at andre kunde grupper må ta uforholdsmessig stor del av rekninga.

Vi har difor forståing for Statnett sitt forslag om å justere på rabattmodellen slik at rabatten i større grad kjem med ei forplikting om økt fleksibilitet for å gje nettnytte. Samtidig har vi forståing for industrien sine bekymringar for svekka og ustabile rammevilkår for eksisterande industri.

Linja støtter i hovudsak Statnett sine forslag for endring i industritariffen.

Innføring av nytt tariffelement, kapasitetsledd

Statnett foreslår fire endringar i kapasitetsleddet i høve tidlegare forslag frå høyring vår 2025.

1. De 30 høgaste timane (av totalt maksimalt 35.000 avrekningstimer) blir sett vekk frå for å fjerne last som ikkje er representativ for maksimal-last.

Vi meiner dette er skritt i riktig retning.

Prinsipielt meiner vi at i den grad hensikt med kapasitetsleddet er å få ei endring i forbruksmønster hos kundane er eit avrekningsgrunnlag basert på maksimal utveksling tre/fire år tilbake i tid lite egna. Fornybar Norge og andre aktørar sitt forslag om å nytte månadmaks for utveksling som avrekningsgrunnlag vil gje vesentleg sterkare signal om styring av maksimalutveksling.

2. Justering for transitt i områder der regionalt nett er nytta som transittnett for transmisjonsnettet.

Linja finn dette fornuftig, og støtter endringsforslaget.

3. Kapasitetsleddets storleik skal ikkje vere større enn 25% av tariffsats for faste ledd (før k-faktorjustering).

Linja ser det som svakt dokumentert at innføring av kapasitetsleddet vil gje vesentleg endring i åtferd hos forbrukskundane. Kapasitetsleddets hovudfunksjon blir då å svekke eksisterande tariffmodell kring k-faktor og industrirabatt. Dette gjev ein fordelingsverknad mellom aktørar og mellom regionar som er lite dokumentert og analysert i høyringsunderlaget frå Statnett.

Linja ser det som uheldig med ein slik omfordeling utan konsekvensanalyse og utan ein faktisk vurdering av verknad av å svekke samlokaliseringssignal. Statnett sitt forslag om å redusere kapasitetsleddets storleik til 25% av fastledd for forbruk er difor skritt i riktig retning. Grunna stor usikkerheit kring tariffleddets verknad anbefaler Linja som Fornybar Norge likevel at kapasitetsleddet blir redusert ytterlegare til 10% av tariffsats for fastledd forbruk.

4. For direktetilknytt industri med avtale om maksimalvolum i nettavtalen vil kapasitetsleddet ikkje overstige avtalt maksimalvolum.

Linja har ingen kommentar til dette.

Linja har tradisjonelt vidareført Statnett sin tariffstruktur og metodikk i det regionale distribusjonsnett. Statnett sitt forslag til kapasitetsleddet si utforming er etter vår meining komplisert og lite hensiktsmessig å vidareføre ned i nettet. Dette vil svekke dei signal Statnett ønskjer å gje med tariffen. Vi vil difor oppfordre Statnett til å sterkt vurdere månadsmaks som avrekningsgrunnlag i staden for den foreslegne metodikken med løpande maks siste 3-4 år.

Når samlokaliseringssrabatten i dagens tariffregime blir svekka av innføring av kapasitetsledd meiner Linja dette må sjåast i samheng med tariffinntekt frå kraftproduksjon i regionalnettet. Denne inntekta blir som kjent i dag overført til sentralnettsordninga sjølv om kostnad ved investering og drift blir att i det lokale nettområde.

Venleg helsing
Linja

Torggrim Øvrebø, senioring. Nettforvatning.